



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/48789-2

Dykkar referanse:  
20/1675 20/11598

Vår dato:  
09.03.2020

### Uttale til søknad om oppføring av tilbygg til bustad og bruksendring av underetasje til uttale – gbnr 188/110 Gjervik ytre

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til etablert bustad og bruksendring av underetasje for etablering av 3 hyblar på regulert bustadeigedom på gbnr 188/110 Gjervik ytre.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Felt B med planid 1263-196701 er avsett til byggjeområde for bustadar. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan. Eigedommen ligg innafør bandleggingssone for framtidig trase for E39 mellom Flatøy og Eikefet-tunnelen i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen sin arealdel. I samsvar med føresegn 4.3.1 i kommunedelplanen vert søknaden oversend Statens vegvesen for uttale då reguleringsplanen er eldre enn 10 år.

Statens vegvesen vurderer at tiltaket ikkje er i konflikt med framføring av ny veglinje, E39. Slik vi forstår det gjeld søknaden også bruksendring av bustaden sin underetasje frå tilleggsdel til hovuddel jfr. teknisk forskrift (TEK.) Tiltaket må avklarast i høve til eventuell støyproblematikk knytt til dagens E39. Vi legg til grunn at dette vert ivaretatt av kommunen i byggesaka.

Transport vest – transportforvaltning 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø